

Protokoll frå årsmøtet i PUiT 30.03.2022 i Linken, Forskingsparken.

Før sjølve årsmøtet heldt professor Gunnar Ketil Eriksen eit svært informativt og morosamt foredrag om "Arv etter loven, testamente og uskifte. Framtidsfullmakt". Det engasjerte tilhøyrarane sterkt. Jus kan faktisk vere morosamt! Deretter blei det servert ein enkel lunsj.

27 medlemmer møtte på årsmøtet.

Leiar Sylvia ønskte velkommen og leidde møtet under sak 1.

Sak ÅM 1/22 Konstituering av årsmøtet

- a) Godkjenning av innkalling. Innkallinga godkjend
- b) Godkjenning av sakliste. Saklista godkjend.
- c) Val av møteleiar. Einar Størkensen vald.
- d) Godkjenning av møtesekretær. Tove Bull vald.
- e) Val av teljekorps. Margaret Dalseng og Ola Marius Johnsen blei valde.
- f) Val av protokollunderskrivarar. Mary Brekke og Asgeir Brekke blei valde.
- g) Innkomne framlegg. Det var ikkje komme inn noko framlegg. Sylvia sa seg lei for at styret ikkje hadde sendt ut ei påminning med frist for å sende inn eventuelle framlegg.

Sak ÅM 2/22 Meldinga om styrets verksemd for 2021

Sylvia la fram og kommenterte den utsende meldinga som blei godkjend av årsmøtet.

Sak ÅM 3/22 Rekneskapen for 2021.

Sigmund Nordmo la fram og kommenterte rekneskapen og revisjonsmeldinga. Årsmøtet godkjende rekneskapen.

Sak ÅM 4/22 Endring av § 3 i vedtektene

Einar Størkensen la fram og kommenterte saka.

Styret sitt framlegg til ny § 3:

Foreningen ledes av et styre som velges på årsmøtet. Funksjonstiden for leder og styremedlemmer er to år, men likevel slik at halvparten av styret står på valg hvert år.

Gjenvalg er mulig.

Styret består av leder og syv medlemmer.

Styret organiserer selv sitt arbeid ut over lederfunksjonen. Styret er beslutningsdyktig når minst fem medlemmer er til stede. Styresaker avgjøres med alminnelig flertall.

Regnskapet godkjennes av 2 revisorer før årsmøtet.

Framlegget blei samrøystes vedtatt.

Sak ÅM 5/22 Fastsetjing av medlemskontingent for 2022.

Framlegg frå styret: «Årsmøtet vedtar å halde medlemskontingenten uendra med NOK 100 per år.»

Framlegget blei samrøystes vedtatt.

Sak ÅM 6/22 Fastsetjing av honorar til styret

Styret foreslo å halde opp dei tidlegare honorarsatsane (styreleiar NOK 10000, sekretær og kasserar NOK 5000, styremedlemmer NOK 3000 (3000 x 5 = 15000).

Ola Marius Johnsen leverte dette framlegget: Styreleiar NOK 10000. Resten av totalbeløpet (NOK 25000) blir fordelt på dei andre medlemmene i styret.

Ved votering blei framlegget frå styret vedtatt mot 2 stemmer for Ola Marius Johnsens forslag.

Sak ÅM 7/22 Budsjett for 2022

Sigmund Nordmo la fram budsjettet som blei vedtatt.

Sak ÅM 8/22 Val av styre- og varamedlemmer, to revisorar og ei valnemnd på tre personar

Møteleiar Einar Størkersen gjorde framlegg om prosedyren ved valet, nemleg å følgje dei gamle vedtektene og velje varamedlemmer, men ved LOP-styrets godkjenning av den vedtektsendringa som årsmøtet har gått inn for i sak 6, blir varamedlemmene automatisk å sjå på som ordinære medlemmer av styret. Det slutta årsmøtet seg til. Årsmøtet valde i samsvar med innstillinga til valnemnda:

Sylvia Labugt leiar, vald for to år

Styremedlemmer:

Sigmund Nordmo, vald for to år

Else Stjernstrøm, vald for to år

Varamedlem: Audhild Nedberg, vald for to år

Valnemndas framlegg til revisorar:

Magne Eliassen, vald for to år

Ola Marius Johnsen, vald for to år

Styrets framlegg til medlemmer i valnemnda:

Øyvind Ytreberg, vald for to år

Jorun Nordmo, vald for to år

Den tredje medlemmen, Thale Henden var ikkje på val.

Framlegga blei samrøystes vedtatt.

Einar Størkersen la fram følgande tillegg til saka:
"Ved sentralstyret i LOPs godkjenning av vedtektsendringene, endrer varamedlemmenes status til medlemmer i styret."
Framlegget blei samrøystes vedtatt.

Sak ÅM 9/22 Aktivitetar i 2022.

1. Kurs i bildebehandling ved Seniornett. Japan foto har sagt seg villig til å halde kurs til hausten. Medlemmene i PUiT vil bli inviterte til å delta. Kurset er gratis.
2. Besøke Forsvarsmuseet 12.05.
3. Dato for tur til Harstad og Stokmarknes: 19.-20. mai. Tur-retur Tromsø-Harstad med hurtigbåt, buss til og frå Stokmarknes. Besøke UiT campus Harstad og Trondenes historiske senter i Harstad og Hurtigrutemuseet på Stokmarknes. Plass til 40 deltakarar. Minimumstal: 30. Påmeldingsfrist: 20. april. Dersom det framleis er ledige plassar, kan medlemmer frå LOP Tromsø melde seg på med ein frist ei veke seinare. PUiT sponsar turen ved å betale for bussen, museumsomvising og kaffi på veggen frå Harstad til Stokmarknes.
4. Omvising i Botanisk hage, muligens 14.06.
5. Geologivandring Breivikeidet i juni.
6. Tur til Alta til hausten. Vi prøver å få oppretta ei pensjonistforeining der.
7. Byvandring + lunsj på Full Steam og ev. besøk på det nye sjøfartsmuseet i same bygning, tidleg haust
8. Den planlagde turen til Kiruna vil vi prøve å få til i 2023.

Sak ÅM 10/22 Innkomne framlegg

Ingen innkomne framlegg

Orienteringssaker

Til slutt orienterte Bernhard Sætre om turen til Harstad og Stokmarknes.

Tromsø 31.03.2022.

Tove Bull
ref.

Tromsø, 7/4-2022

Mary Brekke
Mary Brekke

Asgeir Brekke
Asgeir Brekke